



Seljord kommune



Deres ref:

Vår ref:
2020/590

Sakshandsamar:
Finn-Arild Bystrøm

Arkivkode:

Dato:
03.04.2020

Korona, Covid-19 – Status for 28.mars - 4.april 2020

28. MARS-4. APRIL OPPSUMMERT

Ingen påvist smitta av korona, covid-19 i Seljord kommune

Beredskapsleiing er oppretthaldt

Lokal forskrift om utvida karantene påbod og innreise er forlenga til 8.april, med signal om forlengelse til 13.april

Forbod om sal av smågodo og matservering ved sitjande servering forlenga til 13.april

EIN VEKE I PLANLEGGING OG FORBETRING

Pr 4.april 2020 er det ingen registrerte smitta i Seljord, men fleire er i karantene.

Kommunestyre 2. april, vedtok å forlenge lokal forskrift om utvida karantene påbod for fastbuande og forbod mot innreise for personar som bur utanfor regionen, til 8. april. Kommunestyret samsas igjen den 8.april for å vurdere ein ytterligare forlenging til 13.april 2020. Dykk finn forskrifter på [Seljord kommunes heimeside](#)

Kommuneoverlegen forlenga vedtak frå 13.mars om forbod mot matservering ved sitjande servering og sal av smågodo til 13.04.20

Det har våre beredskapsleiing i heile perioden. Beredskapsleiinga møtast man, ons- og fredag på Teams mellom kl 08:00-09:00.

Små og store spørsmål som har dukka opp

Sp: Kor lengre skal vi halde på?

Sv: Som tilsett opplev ein situasjonar veldig forskjellig. Så planlegging og forbetring for nokon, kan vere stress og frustrasjon for andre. Vi utførar forskjellige arbeidsoppgåver, og i den floraen gjer vi alle vårt beste.

No kor vi står i veke tre, og gjeng inn i veke fire med unntakstilstand i drift, ber eg om at vi opprettheld vilje og evne til å framleis hjelpe kvarandre. Gitt av nasjonale signaler må vi førebu oss på at situasjonen vil vare framover også, men kanskje i andre former og fasonger. 8.april 2020 har regjeringa varsla at dei vil gi nye signal for tiltak for den nærmaste framtid.

Sp: Hjemmekontor eller gjemmekontor?

Sv: Vi blir oppmoda til å ha heimekontor, so langt det let seg gjera. Det er lagt til rette for at dei som kan ha det, får det. Det er ikkje å gjøyme seg vekk, det er å følge dei nasjonale oppmodingar som er gitt. Så veit vi at stadleg leiing er viktig, så vi prøvar kombinere nasjonale råd, med omsyn til dei som er på jobb, og må vera på jobb.



Sosial omgang I koronatider, kan også vera hyggeleg



Seljord kommune



Smittevern i praksis – Påskegul for anledninga?

tidligare år. Det er trøst i at vi er alle om dette. Eg har inga hytte, eg pleiar å ta dagturar opp og ned på fjellet. Eg kan melde om at det går heilt fint det også.

Mange må jobbe og framleis stå i fyrste rekke. Håpet er at lokal forskrift vil redusere påsketrykket på helse- og omsorgstenestene våre i Vest-Telemark.

For dei som kan, forsøk å kvile. For dykk som må jobbe, så er dykk ikkje alleine. Eg,rådmannsteamet, politisk leiing, innbygjarane, samfunnet er dykk takksame.

Med klapp og erbødig respekt for jobben dykk gjer, takkar vi dykk alle saman.

Finn-Arild Bystrøm

Rådmann

Sp: Kor godt er vi rusta?

Sv: Det er ein samla fagleg vurdering frå alle programområda, at vi er relativt bra rusta når smitte kjem til Seljord. Det blir utfordrande, ikkje alt er 100% på plass. Nye tiltak må setjast i verk, men vi har ein relativt god oversikt over kor vi står og kva vi manglar. Vi trur også at vi har ein god plan for å skaffe oss det vi manglar.

Sp: Kvifor følgjer vi ikkje berre nasjonale krav, kvifor har vi også lokale forskrifter?

Sv: Det lave smittetallet i Seljord tilseier at den lokale forskriften har våre nyttig i eit smittevernperspektiv. Smittevern med fokus på liv og helse har våre førande for at vi har hatt lokale forskrifter. Det er dei nasjonale tiltaka som gir lokale bedrifter og næringsdrivande dei største utfordringane

RÅDMANNEN HAR ORDET

Gode tilsette i Seljord kommune.

Nå går vi inn i påseveka. Ein veke som truleg blir annleis for oss alle. Hytteturen er kanskje ikkje der, ferien blir forkorta og familesamlingene som vi er vant til og så glad i, vil kanskje vera annleis enn

Det er den draumen

Det er den draumen me ber på...

- at noko vidunderleg skal skje
- at det må skje
- at tidi skal opna seg
- at hjarto skal opna seg
- at dører skal opna seg
- at berget skal opna seg
- at kjeldor skal springa
- at draumen skal opna seg...

*at me ei morgenstund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst um
Olav H. Hauge*